



"Visjonen til eHjerteRehab er å gjøre hjerterehabilitering tilgjengelig for alle."

e Vi er på god veg inn i haust og mørketid, og uttestingsstudien (feasibility) av programmet går snart mot slutten. Visste du at vi i denne runden ikkje bare har testa ehjerteRehab for pasientar i Bergen, men også på Voss og i Helse Førde? Dyktige teammedlemmer jobbar jamt og trutt med både rekruttering, oppstartdagar og oppfølging undervegs i programmet.

e I samarbeid med Seksjon for e-helse og ROS-teamet i Helse Vest IKT har vi fått godkjent aktivitetsmålere (smartklokker) til eHjerteRehab! [Les meir her!](#)

e Få med deg årets **Stormøte 4. desember**. Dette er noko du ikkje vil gå glipp av! Sjå påmelding nedst på sida.

e Intervju: bli kjend med leiar for arbeidspakke om digital etikk, førsteamanuensis Leonora Onarheim Bergsjø.



@ProcardForskningsgruppe



@ProcardResearchGroup



@ProcardResearchGroup



@ProcardResearch



@eCardiacRehab

Klikk meg!

Kva har skjedd sidan sist?

e Årets PROCARD-konferanse gikk av stabelen i september, med internasjonalt besøk frå professors Heather Allore (US), Heather Hadjistavropoulos (CA), Robyn Gallagher (AUS) og Maria Bäck (SE) som også sit i Scientific Advisory Board i eHjerteRehab!

[Fleire bilete her](#)



e 14. oktober held Hanne Flagtvædt presentasjon for Hjerterlaget om livskvalitet blant pasientar med hjertesvikt og implantert hjertestarter, og eit innlegg om eHjerteRehab! Haugaland Hjerterlag har bidrege med økonomisk støtte til Hanne sin mastergrad, og er ein verdifull bidragsytar til bedre hjerterhelse i Helse Fonna.

[Les om Haugaland Hjerterlag her!](#)



e Prosjektleder Tone M. Norekvål presenterte eHjerteRehab på Norsk Cardiologisk Selskap sitt Høstmøtet 2025!

[Meir info om møtet her](#)



[Les: Trond R Pettersen på ESC Congress 2025 – fremjar digitale verktøy i hjerterehabilitering](#)

e Trond Røed Pettersen la fram ny forskning frå TRACKER-studien på European Society of Cardiology (ESC) Congress 2025. TRACKER-studien er leia av Robyn Gallagher frå University of Sydney og omhandlar bruk av smartklokker i rehabiliteringa.



FB Event

Stormøte 2025

4. desember - 09.45-15.00 - Bikuben, Haukeland universitetssjukehus

Påmelding: janicke.bergh@helse-bergen.no



Portrettintervju med Leonora Onarheim Bergsjø



Fortel oss litt om deg
sjølv

Eg forskar på og underviser i digital etikk. Eg er førsteamanuensis ved Høgskulen i Østfold og ved Senter for e-helse, Universitetet i Agder. Eg leier òg Norsk råd for digital etikk (NORDE).

Kan du fortelje oss litt om di rolle i prosjektet?

Mi rolle er å løfte fram og drøfte korleis vi kan sørge for at dei digitale løysingane for rehabilitering er inkluderande, likeverdige og sosialt berekraftige – kort sagt, etisk forsvarlege. Studiet av etisk forsvarleg teknologi, òg kalla digital etikk, er eit område innan fagfeltet anvendt etikk, der fokuset er på etisk design, utvikling og bruk av digital teknologi – frå chatbotar som ChatGPT til e-helseplattformer som eHjerteRehab.

Vi veit frå før at digitalisering av løysingar kan gjenta og til og med forsterke bias, det vil seie forskjellsbehandling og skeivheiter som allereie finst i samfunnet og i helsevesenet. Vi veit òg at det lenge har vore – og framleis er – ein del uønskete forskjellar, ikkje minst når det gjeld hjarteskjdom. Til dømes er det skilnader i korleis sjukdomen kjem til uttrykk hjå kvinner og menn, når og korleis behandling blir gitt, og kva for effekt medisinar har. Arbeidet i prosjektet er ein del av eit større arbeid for at digitale løysingar skal bidra til å redusere slike uønskete forskjellar.

Aktuell med:

 Presentasjon på [FHS Forskningskonferanse 2025 - Høgskulen på Vestlandet](#) kl 10:45-11:15, **3. desember** med innlegget “Digital etikk, digital dømmekraft og ansvarlig digitalisering”.

 Nominasjon til Høgskulen i Østfold sin formidlingspris 2025! Les meir her: [De er nominert til Formidlingsprisen ved HiØ – Høgskolen i Østfold](#)

Kvifor er dette prosjektet viktig?

Det er eit sterkt politisk press for at digitale løysingar skal ta over fleire helsetenester, men eHjerteRehab handlar om ei anna form for digitalisering. Det handlar om å gi eit godt, kvalitetssikra tilbod til alle som ikkje kan nytte stadleg rehabilitering – eit tilbod som er sterkt tilrådd og som har dokumentert effekt.

Det kan vere mange grunnar til at pasientar ikkje gjennomfører stadleg rehabilitering, til dømes at dei bur for langt unna, at det ikkje er plass, eller at det ikkje passar av andre praktiske eller sosiale grunnar. Dette gjeld mange i Noreg, og difor er dette prosjektet svært viktig.

Kva inneber arbeidspakken din?

Eg leier arbeidspakken om etikk. Vi seier at digitale løysingar er «ansvarlege» når dei er lovlege, trygge og etisk forsvarlege. Personvern og tryggleik er allereie godt ivaretekne i prosjektet, så i arbeidet med etikk fokuserer vi særleg på inkludering og likeverd.

Eg kjem til å halde verkstader der vi gjennomfører etiske risikovurderingar av den digitale rehabiliteringsløysinga. I ei etisk risikovurdering arbeider vi saman i tverrfaglege team med god representasjon av brukarar og andre relevante interessentar, og kartlegg motivasjon for å ta i bruk systema, bekymringar og dei venta verknadene – både positive og negative. På bakgrunn av dette analyserer vi behov for tiltak som kan 1) førebyggje uønskete verknader, 2) avdekkje moglege verknader vi ikkje ønskjer eller ikkje har føreset medan systemet er i bruk, og 3) forsterke positive verknader.

Fun Fact!

Eg elsker å lære bort! I tillegg til å undervise i digital etikk og andre fag ved universitet og høgskular, har eg halde kurs i alt frå leiing og konflikthandtering til magedans og snowboard.